



## Orientering om 17. mai 2022

På skuleplassen på HBU er det for tida byggjearbeid. Utdeling av gratis pølser og brus til barna, leiker/konkurranser samt sal av mat, vil foregå i og på plassen utanfor Kultursalen i år (det vil ikkje vera mogeleg å parkere her).

Det vil også vere sal av småmat, kaker og kaffe i Kyrkjestugo.

Samling med 17.mai-tale og underhaldning blir som vanleg arrangert i Trøimshallen.

### Parkering:

Det er parkeringsplassar ved Power, Spar, Kyrkja, Sparebank1 og Extra.

Vi oppmodar alle til å parkere andre stader enn ved Hovtun og Apoteket, der 17. mai toget skal gå. Det vil og vera stengt ved kommunehuset. Ved Trøimshallen er det viktig å ikkje sperre for den bakre inngangen (mot Haugentunet).

### Rekkjefølge i 17. mai toget:

1. Politi
2. Flaggbærarar
3. Formannskapet
4. Tuv oppvekstsenter (skule og barnehage)
5. Drillkorps
6. Hemsedal hornmusikklag
7. Ulsåk oppvekstsenter (skule og barnehage)
8. Hemsedal barne og ungdomsskule
9. Folketoget

**NB! Oppmøte seinast kl. 10.45 på parkeringsplassen ved kyrkja. Sjå etter skilt med din skule/klasse/barnehage.**

Avgang for toget: kl. 11.00. Hugs å ta med flagg! - HIPP HIPP HURRRAAA

**Foreldre/sysken** oppfordrast til å gå BAK i Folketoget – lettare for skuleungane å halde sine plassar.

### Rute for toget:

Toget går frå kyrkja, til Hovtunsenteret, tilbake om Bråtenjordet og avsluttar ved Bygdaheimen.

### Anna informasjon:

Ta gjerne med campingstol eller liknande til å bruke på plassen utanfor Kultursalen.

### TV-overføring

Hemsedal Bygdaheim får tv-overføring frå programmet/scena i Trøimshallen.

Velkomen til ei flott 17. mai feiring!